

## **Mjølke står sterkt i Sogn og Fjordane-jordbruket**

**98 prosent av jordbruksareala i fylket er brukte til enten innmarksbeite eller gras. Det gir grunnlag for eit jordbruk med stor husdyrproduksjon.**

- Husdyrproduksjon er svært viktig for oss. Vi har stor mjølkeproduksjon både frå ku og geit. I produksjon av geitemjølke er vi nest størst i landet, seier landbruksdirektør i Sogn og Fjordane, Christian Rekkedal.

Tre prosent av landarealet i Sogn og Fjordane er jordbruksareal. Det er 532 500 dekar, eller omtrent storleiken på Gulen kommune, og utgjer fem prosent av jordbruksarealet i Noreg.

Tala er henta frå nyleg oppdaterte, fylkesvise Arealbarometer frå NIBIO. Barometeret viser samla areal i fylket, kor mykje som er landbruksareal, kva jorda er eigna til og kva ho faktisk blir brukt til. Nytt av året er det at også nedbygd matjord blir vist.

### **Jordbruk tufta på natur og kultur**

Frå naturen si side har Sogn og Fjordane rike innmarksbeite, og store areal godt eigna for husdyrhald.

- Jordbruket i Sogn og Fjordane har lang tradisjon for mjølkeproduksjon. Til tross for over 40 prosent nedgang i talet på mjølkebønder dei siste tiåra, og at talet på mjølkekyr er redusert med nesten 20 prosent, viser det seg at mjølkeproduksjonen held seg ganske stabil mellom 100 – 106 mill. liter, seier Christian Rekkedal. Han legg til at det har skjedd ein merkbar auke i mjølkeproduksjonen per ku.

Gardsbruk med geitemjølke har og gått nedover dei siste 10 åra, frå om lag 65 til knapt 50. Talet på mjølkegeiter er no kring 6000. Næringa har satsa mykje på betre helsetilstand og kvalitet på mjølka.

Landbruksdirektøren fortel at talet på stølar i aktiv drift med mjølkeproduksjon også har gått nedover. Ved hjelp av ekstra støtteordningar for stølsdrift og god tradisjon i nokre bygder, er det likevel framleis nesten 60 gardsbruk med stølsdrift – både ku og geit.

### **Framgang for bær**

Også bærproduksjon og enkelte tidlegproduksjonar kjenneteiknar jordbruket i fylket.

- Engasjerte gardbrukarar har i samarbeid med landbruksrådgjeving og forvaltning lagt til rette for nyskaping og framgang, fortel landbruksdirektøren.

Spesielt dei siste 10-15 åra har det vore ei rivande utvikling innan bærproduksjon. I same periode er det satsa på å byggje opp merkevarer knytt til enkelte av produksjonane. Bringebær og moreller frå Lærdal er døme på dette.

Fylket er blant dei fire største bærfylka i landet, særleg på bringebær. Sogn og Fjordane har 2/3 av bringebærproduksjonen i Noreg. Morellproduksjonen i Lærdal representerer enkelte år også det største volumet i landet.

PRESSEMELDING FRÅ NIBIO 7.9. 2017: Arealbarometer for Sogn og Fjordane

### **Konkurransen om matjord**

Sogn og Fjordane har mykje areal per innbyggjar. Likevel er det ofte stort press på å bruke matjord til andre føremål når nye vegar skal førast fram og næringsareal tilretteleggjast.

Dei beste jordbruksareala i fylket ligg der flest folk bur, det vil seie ved elvesletter eller i slake lier opp frå sjøen. Typiske døme er Førde, Nordfjordeid, Stryn og Lærdal.

Landbruksdirektør Rekkedal meiner gode planprosessar er avgjerande for å sikre jordvernet.

- Vi har ikkje matjord å miste, så da gjeld det å prioritere strengt og tenke alternative løysingar når presset på matjord er der, seier landbruksdirektøren.

### **Meir om Arealbarometeret for Sogn og Fjordane**

Leiar for avdeling Landbrukskart i NIBIO, Jostein Frydenlund, fortel at mykje av jordbruksarealet i Sogn og Fjordane er fulldyrka jord som er godt eigna til åkervekster og eng.

- Fylket har og mykje innmarksbeite. Det er kultivert areal, veileigna til beite, men jorda kan ikkje haustast maskinelt, seier han.

Frydenlund har ansvaret for oppdatering og utvikling av Arealbarometra, som blir brukte av næring, forvaltning, og politikarar når dei treng overblikk over arealressursane og samfunnsverdien deira.

-Kart er ferskvare, og det er viktig at dei blir oppdaterte etter kvart som endringar skjer, seier han.

I ei tid med aukande utfordringar knytt til matproduksjon, klima og energi, vil og informasjonsbehovet for planlegging og beredskap innan desse områda vere aukande. Arealressurskarta frå NIBIO gir informasjon om ressursgrunnlaget i alle norske fylke. Karta er tilgjengelige på web. Det blir og utarbeidd kommunevise Arealbarometer.

### **Kontaktperson ved NIBIO**

Jostein Frydenlund

Leder for avdeling Landbrukskart, divisjon Kart og statistikk ved NIBIO

Telefon: 45 28 87 14

E-post: [jostein.frydenlund@nibio.no](mailto:jostein.frydenlund@nibio.no)

### **Kontaktperson ved Fylkesmannens landbruksavdeling i Sogn og Fjordane**

Christian Rekkedal

Landbruksdirektør i Sogn og Fjordane

Telefon: 57 64 30 68

Mobil: 99 69 23 02

E-post : [fmsfcre@fylkesmannen.no](mailto:fmsfcre@fylkesmannen.no)

### **Lenker til kjelder**

- [Arealbarometeret](#) er lagt ved som pdf. Figurar, tekst og bilder kan brukast fritt.
- Fleire Arealbarometer kan du laste ned her: <http://www.skogoglandskap.no/temaer/arealbarometer>
- Detaljerte arealressurskart kan du sjå på: [kilden.nibio.no/](http://kilden.nibio.no/)
- Eller for den enkelte landbrukseigedom: [gardskart.nibio.no/](http://gardskart.nibio.no/)
- [Verdiskaping i landbruk og landbruksbasert verksemd i Sogn og Fjordane](#), NILF-notat 2015-13